

Countryfestival det neste?

07.08.2006

Ein svært vellukka Festidalen med rocken i sentrum er til ende, men mykje tyder på at ein countryfestival blir det neste.

Geir Inge Myklebust opplyser at han saman med ei gruppe planlegg countryfestival i bygda over to kveldar i juli neste år og at målsettinga er at festivalen skal bli årleg. På ei heimeside inviterar han sponsorar og samarbeidspartnarar

- Vi er allereie i kontakt med band som Rednex, Vassendgutane, Too far gone og mange fleire som vi har fått tilbod frå. Nokon av desse banda kan vera aktuella for desse kveldane, skriv Myklebust.

- No satsar vi på å laga noko som mangler i Hordaland, legg han til. Og han er ikkje snauare enn at han allereie kallar Uskedalen 'Norges nye countryhovudstad'.

Myklebust treng folk til planlegging og han spør folket: Skal vi jobba vidare med å laga Uskedalen countryfestival?

Meir informasjon og stemmesetel finn ein på www.uskedalencountryfestival.tk